



Notat til hjelp i sakshandsaming av vanleg jordbruksproduksjon – frukt og bær

Regelverk og retningsliner

Forskrift

Å drive vanleg jordbruksproduksjon er eit grunnvilkår for å motta produksjonstilskot og [Forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket - Lovdata](#): «Tilskudd etter forskriften kan gis til foretak som er registrert i Enhetsregisteret og som driver vanlig jordbruksproduksjon på én eller flere landbrukseiendommer med de dyreslag eller de vekstgruppene det søkes tilskudd for, slik disse gruppene til enhver tid er definert i medhold av jordbruksavtalen».

Rundskriv

Kommentarrundskrivet 2023/30, [§ 2. Grunnvilkår - Landbruksdirektoratet](#), omtalar vilkåret om vanleg jordbruksproduksjon. Her står det mellom anna: «Ved arealbaserte produksjoner er det vanskelig å fastsette krav til gjennomsnittlig avling som utgangspunkt for vilkåret om at foretaket driver vanlig jordbruksproduksjon. Planteproduksjon varierer i større grad fra år til år og etter lokale forhold, enn husdyrproduksjon. Hvis avlingsnivået i vesentlig grad skiller seg negativt ut fra tilsvarende produksjoner i tilsvarende områder, kan det være et tegn på at det ikke drives vanlig jordbruksproduksjon».

Kva som er vanleg jordbruksproduksjon heng saman med vilkåret om at arealet skal drivast aktivt, § 4 i forskrifta. Sjå kommentarar til § 4 for retningslinjer for vilkåret om aktiv drift i [§ 4. Tilskudd til jordbruksareal - Landbruksdirektoratet](#). Vilkåret om at føretaket driv vanleg jordbruksproduksjon, er ei heilskapleg vurdering av om produksjonen oppfyller vilkåret.

Når vilkåret om vanleg jordbruksproduksjon ikkje er oppfylt

Då det er eit grunnvilkår å drive vanleg jordbruksproduksjon for å motta produksjonstilskot, må kommunen i samband med handsaming av søknader og før endeleg godkjenning, vurdere om vilkåret er stetta. Om kravet til vanleg produksjon ikkje er oppfylt skal søknaden for den aktuelle kulturen avslåast.

Føretaket må få varsel og moglegheit til å uttale seg før vedtak vert gjort

- Vurderingane av vanleg jordbruksproduksjon bør vere skriftlege. Det er oversiktleg og ryddig om vurderingane vert lagt inn i eStil PT. Det kan til dømes gjerast i seksjon *Behandling «Kommentarfelt for saksbehandlar»* eller *«Begrunnelse for vedtak»*. Ver merksam på rett ordbruk i vedtaket; Er konklusjonen at det ikkje er vanleg jordbruksproduksjon, oppfyller ikkje søkjar grunnvilkåret og har ikkje rett på tilskot til den aktuelle produksjonen. Det vert då eit avslag og ikkje ei avkorting.
- Dokumenter arbeidet med å undersøke kravet til vanleg jordbruksproduksjon. Dokument og e-postkommunikasjon kan leggjast inn under *«Kommentar/dialog»* eller som dokument under *«Dokumentasjon»*.

Hjelp i sakshandsaminga


Det er ingen sentrale retningsliner for kva som kan definerast som vanleg produksjon når det gjeld frukt og bær. Det må difor brukast skjønn, og det må leggjast ei heilskapleg vurdering av heile søknadsåret til grunn for å kunne konkludere om vilkåret om vanleg jordbruksproduksjon er oppfylt. Om produksjonen for ei vekstgruppe ikkje kan kallast vanleg jordbruksproduksjon skal det gjevast avslag for denne vekstgruppa. Om det ikkje er aktiv drift på einskilde skifte, skal tilskot til gjeldande skifte avslåast.

Låge avlingar er ein indikasjon på at eit føretak ikkje driv vanleg jordbruksproduksjon. Produksjonen skal ha eit næringsmessig preg, og i det legg vi at avlinga skal vere omsett og inntektsført.

For å vurdere om eit føretak driv vanleg produksjon tek ein utgangspunkt i avling i kg per dekar. Vi går ut frå avling som er omsett og som er ført som inntekt for føretaket og fordeler det per dekar som det er søkt arealtilskot for. Søkjar må kunne dokumentere selt mengde i kilo. Relevant dokumentasjon er salsbilag som inngår i rekneskapen og avrekning frå godkjent omsetningsledd. Dersom det vert selt produkt som saft, syltetøy ol, må det kunne leggest fram resept med opplysningar om kor mange kg råvare som er brukt for å framstille vara.

Det må innhentast tilleggsopplysningar for å kunne gjere ei heilskapleg vurdering av produksjonen.

- Bruk «*Rapport om vanlig jordbruksproduksjon av frukt, bær og potet*» i eStil-PT for å få oversikt over produksjonen for gjeldande år og for dei to tidlegare søknadsomgangane.

Produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket Følgjer skilte tilstandar | 
Versjon 2.1.1 07.06.2021 12:2

Søknadsversikt Søknader Fellestiltak Dispensasjonar Merkekoder Rapportar

Rapporter

Rapporttype * Rapport om vanlig jordbruksproduksjon av frukt, bær og potet	Søknadsår * Søknadsår 2020
Fylke(r) Velg fylke(r)	Kommune(r) Velg kommune(r)

[Hent rapport](#)

Rapporten viser alle søknadsopplysningar knytt til omsøkt areal og distriktstilskot for frukt og bær. Ver merksam på at føretak som ikkje har søkt om distriktstilskot ikkje vil komme fram i rapporten med avling. Dei kan likevel ha omsett avling, det må kunne dokumenterast. Rapporten viser alle føretaka. Sorteringsfunksjonen i Excel kan brukast for å rangere føretaka etter ulike parametrar som til dømes type vekst og mengde. Forklaring til rapporten finn du her: [Rapport om vanlig jordbruksproduksjon av frukt, bær og potet - Landbruksdirektoratet](#)

- For føretak med avling på under 70 % av gjennomsnittet i kommunen/område bør ein hente inn fleire opplysningar for å undersøke kvifor produksjonen er låg, og gjere ei vurdering av om det kan kallast vanleg jordbruksproduksjon. Merk at avlingstala for gjeldande år ikkje er endelege før etter fristen for etterregistrering 10. januar året etter.
- Sjå fleire år i samanheng for å sjå at det ikkje berre er snakk om ein kort nedgang i produksjonen. I planteproduksjonen bør ein helst sjå på produksjonen over 5-6 år. Dersom det er ein kortvarig nedgang i produksjonen som skuldast til dømes klimaskade / uhell med plantevernarbeidet / naturleg årleg variasjon, så kan drifta bli vurdert til å vere «vanleg» sjølv om avlinga er unormalt låg eit år.
- Det må gjerast ei heilskapleg vurdering. Om føretaket driv vanleg jordbruksproduksjon heng saman med at areal vert drive aktivt. Det må då vurderast om drifta er i samsvar med god agronomi og at det gjennom vekstsesongen er utført arbeidsoppgåver slik at det er lagt grunnlag for å hauste ei god, omsetjeleg avling av høg kvalitet. Ta kontakt med føretaket og få ei forklaring på kvifor produksjonen er låg. Avtal synfaring ved behov. Aktuell dokumentasjon/avklaring er:
 - Gjødslingsplan

- Plantervernjournal
- Stell av åkeren/feltet
- Typiske årsaker til låg avling kan vere:
 - Lokalklimatiske forhold. *Kommunen bør vurdere om føretaket har drive forsvarleg i høve lokalklimatiske forhold. Døme: Føretak i tørkesvake områder bør ha tilgang til vatningsanlegg.*
 - Vekselbering. Kommunen bør undersøke om føretaket har forsøkt å forhindre vekselbering ved å tynne frukta (sjå faktaboks om bering).
 - Alder på feltet. Nyplanta og gamle felt kan resultere i låg totalavling. Ved låge avlingar i eldre felt, skal kommunen vurdere om føretaket burde ha fornya feltet for å ha sikre normalavling komande år. Mykje areal som nyleg er planta kan gi låg avling sjølv om drifta er god.
 - Tal tre per dekar. Dette må bli vurdert opp mot dei faglege råda som var gjeldande på plantetidspunktet. Råd om plantetettleik har endra seg med åra: Ein plantar tettare i dag, samanlikna med tidlegare år. Ved slike vurderingar kan NLR Vest vere ei nyttig informasjonskjelde.
 - Driftsform. Til dømes kan ein forvente lågare avling i økologisk produksjon, samanlikna med konvensjonell drift. Eit anna døme er at ein forventar lågare avling for jordbær på friland eller i tunnel, samanlikna med remoterande jordbær som står i «table-top».
 - Hugs at føretaket kan ha omsett avling sjølv om det ikkje er søkt om distriktstilskot og kjem fram i rapportane, dokumentasjon på sal må leggest fram.
- På grunn av store variasjonar i avlingsnivå mellom produsentane, bør avlingstala òg samanliknast med nabokommunar/region.
- Føretak med 0 kg omsett mengde og berre produksjon til eige forbruk bør få avslag. Eige forbruk kan leggest til grunn i vurderinga av produksjonen totalt, men må då vere synleggjort i rekneskapen. Dersom manglande avling skuldast tidlegare nyplanting, bør kommunen vurdere om det har gått så lang tid sidan planting at manglande avling skuldast tilhøve ved drift og agronomi.

Disponeringskravet

For å vurdere om føretaket disponerer arealet må det leggest vekt på kven som utfører eller administrerer drifta og gjer arbeidsoppgåver som jordarbeiding, gjødsling, plantervern, hausting og anna skjøtsel av arealet og sal av planteprodukt. Dersom arbeid og/ eller administrasjon er fordelt mellom fleire føretak, må det gjerast ei samla vurdering av kva føretak som står nærast til å disponere areala. Det er viktig å legge vekt på kva føretak som mottek inntektene av salet, og kven som har risikoen og utgiftene med skjøtsel av areala.

Sal av frukt før hausting («på stilk/ rot») oppfyller ikkje kravet til disponering dersom søkjar ikkje har utgifter til hausting og avlingsmengda ikkje er dokumentert med billag. Utgifter til hausting som innleigd arbeidshjelp/ haustehjelp, og mengde og pris på frukt/bær skal spesifiserast i faktura.

Distriktstilskot

Distriktstilskot vert utbetalt på grunnlag av omsett avling. Det er ingen maskinelle kontrollar i eStil PT av omsett avling, det er dei omsøkte tala som ligg til grunn for utbetaling. Ver merksam på at «runde» tal kan vere ein teikn på at søknaden ikkje er nøyaktig utfylt. Ved kontroll må føretaket kunne dokumentere salet, det gjeld både til mottak og ved direktesal. Det er berre avling som er omsett i søknadsåret det kan søkjast distriktstilskot til.

Regelverk

Forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 5 stiller opp fleire vilkår for å motta tilskot til grønt- og potetproduksjon. Dette er omtala i Rundskriv 2023/30 [§ 5. Tilskudd til grønt- og potetproduksjon - Landbruksdirektoratet](#). Mellom anna:

- Føretaket må ha disponert arealet produksjonen av varene har føregått på
- Føretaket må ha omsett varene i søknadsåret
- Det vert berre gitt tilskot for førstegangsomsetning av varer. Det vert ikkje gitt tilskot til varer som ikkje har god nok kvalitet på omsetningstidspunktet til at dei kan nyttast til konsum eller vidareforedling.

Gjennomsnittleg omsett avling kg per daa 2018 – 2022

	Hardanger (Ullensvang, Ulvik, Kvam, Voss)	Sogn (Luster, Vik, Sogndal, Lærdal)	Nordfjord (Gloppen, Stryn Stad)
Eple (001)	672	475	460
Pærer (002)	752	731	207
Eple + pære (001+002+006)	1107	779	688
Plommer (003)	347	478	433
Jordbær (011)	590	765	488
Bringebær (012)	389	659	637

Fornyng

Fornyng av eit felt vert utført når arealet ikkje lenger har stor nok avling og ikkje er lønsamt.

- **For frukt:** Ideelt sett skal deler av fruktfelta fornyast regelmessig for å oppnå stabil totalavling over fleire år.
- **For bringebær og jordbær:** Det er vanleg å fornye større deler av feltet når det ikkje lenger er lønsamt. Dersom ein produserer jordbær i «table-top», vert plantene skifta ut kvart år.

Bering

- Med bering meiner vi at trea ber frukt, ikkje noko om mengde
- Ein kan forvente produksjon i eit visst aldersintervall:
 - Eple 3 -20 år
 - Pære 4 -20 år
 - Plommer 4 -20 år
 - Morellar 4 -20 år
 - Bringebær 3-15 år
 - Jordbær 2 – 4 år
- Ver merksam på at nokre sortar kjem seinare i bering enn andre. Til dømes er Discovery ein eplesort som kjem seint i bering, ofte ikkje nokon produksjon av betydning før femte vekseår.
- Plantetype (pisk eller greina) verkar inn på kor raskt dert er forventa produksjon. Ved planting av pisk (plante utan greiner) reknar vi med eitt eller to år ekstra i høve til greina tre.
- Vekselbering er når frukttrea har varierende mengd avling frå år til år, ofte i ein toårig syklus. Trea har stor avling det eine året og så lite eller inga avling det neste året Dette er særleg vanleg i plommer. Å tynne kan redusere omfanget av vekselbering.

Januar 2024